



**DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT**

*Statsråden*

Akershus fylkeskommune  
Postboks 1200 Sentrum

0107 OSLO

Dykkar ref

Vår ref  
10/50-1 HED

Dato 5. oktober 2010

**Orientering om framlegg til statsbudsjett for 2011 – Programkategori 13.50  
Distrikts- og regionalpolitikk – Førebels rammer**

Kommunal- og regionaldepartementet vil med dette informere om framlegget frå regjeringa til budsjett for 2011 for gjennomføring av distrikts- og regionalpolitikken, og om førebels fordeling av budsjetttramma under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk. Sjå Prop. 1 S (2010–2011) for meir informasjon.

Endeleg oppdragsbrev, tildelingsbrev og tilskotsbrev vil bli sende ut etter at Stortinget har handsama budsjettforslaget. Det kan kome endringar i rammene og i fordelinga av midlar. Dette orienteringsbrevet er eit grunnlag for planlegging.

***I. Rammer for 2011 under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk***

Regjeringa gjer i statsbudsjettet for 2011 framlegg om ei samla løyving på 2 778,1 mill. kr under programkategori 13.50, inkludert ei vidareføring av kompensasjonstiltak for auka arbeidsgivaravgift og ei overføring på 20,5 mill. kr frå Nærings- og handelsdepartementets budsjett. Løyvinga til dei særskilde distrikts- og regionalpolitiske verkemidla under Kommunal- og regionaldepartementet er ei vidareføring på same reelle nivå som i 2010.

Fordeling av samla løyvingar under programkategori 13.50 på kap./postar, i tusen kr

Nemning	2010	Førebels 2011
Kap. 551, post 60 Tilskot til fylkeskommunane for regional utvikling	1 488 800	1552 350
Kap. 551, post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift	674 400	696 300
Kap. 552, post 21 Kunnskapsutvikling, informasjon o.a.	11 400	13 000
Kap. 552, post 62 Nasjonale tiltak for lokal samfunnsutvikling	-	30 000
Kap. 552, post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling*	428 500	459 750
Kap. 554, post 01 Kompetansesenter for distriktsutvikling	26 000	26 700

\* Kap. 551, post 71 Nordområdetiltak er overført til kap. 552, post 72 frå 2011.

Desse prioriteringane er sentrale i budsjettet for 2011:

- auke i tildelinga av midlar til kommunale næringsfond
- auke i tildelinga til Ung gründer og Bedriftsnettverk
- auke i støtta til Ungt Entreprenørskap
- styrking av næringshagane, nytt program frå 1.7.2011
- styrkt satsing på Bulyst

I punkt III under er rammer og nye prioriteringar for dei enkelte postane presenterte nærare. I tillegg har vi lagt ved førebels oversikt over fylkesfordelinga for ramma på kap. 551, post 60.

## ***II. Overordna distrikts- og regionalpolitiske mål og strategiar***

Statsbudsjettet tek utgangspunkt i St.meld. nr. 25 (2008–2009) *Lokal vekstkraft og framtidstru. Om distrikts- og regionalpolitikken*. Regjeringa vil leggje til rette for at alle skal vere fri til å busetje seg der dei ønskjer, og å utløyse verdiskapingspotensialet i alle delar av landet.

Dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla under programkategori 13.50 er ein ekstrainnsats som skal styrkje grunnlaget for busetjing og verdiskaping i område og landsdelar med særlege utfordringar, og skal i hovudsak brukast innanfor det distriktspolitiske verkeområdet. Nokre av midlane kan nyttast utanfor verkeområdet for å medverke til å utløyse regionale potensial for verdiskaping.

Midlane skal medverke til å styrkje verdiskapinga i næringsmiljø og utvikle attraktive arbeidsplassar ved å fremme innovasjon, omstilling og nyetableringar. Midlane skal også medverke til å utvikle lokal infrastruktur, kompetanse og attraktive stader. Eit viktig distriktspolitisk tiltak er å stimulere til nye møteplassar og vidareutvikle kunnskap om kva som aukar sjansane for at busette og tilflyttarar trivst og blir buande.

Departementet legg vekt på tiltak som kan påverke val av bustad og medverke til entreprenørskap. Kvinner, unge og innvandrarar er framleis prioriterte målgrupper i

distrikts- og regionalpolitikken. Fylkeskommunane blir difor oppfordra til å medverke til at målgruppene blir prioriterte, og å samarbeide med Innovasjon Norge om å fastsetje måltal for kvinnedelen innanfor forvaltninga av dei bedriftsretta verkemidla. Dette skal støtte opp om departementets mål om at 40 pst av dei næringsretta midlane skal gå til kvinner innan 2013. Dei næringsretta midlane blir avgrensa til å gjelde direkte bedriftsretta stønad.

### ***III. Førebels rammer og fordelingar for dei enkelte tilskotspostane***

#### **Kap. 551, post 60 Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling**

Regjeringa foreslår å løyve 1 552,35 mill. kr på kap. 551, post 60 for 2011, som blir fordelte til fylkeskommunane. Førebels fylkesfordeling av midlane går fram av vedlegg 1. Endeleg fordeling mellom fylkeskommunane vil bli nedfelt i tilskotsbreva for 2011.

Frå 2011 legg departementet opp til at fylkeskommunane kan nytte inntil 5 pst. av midlane dei sjølv forvaltar på kap. 551, post 60, til delvis å dekkje gjennomføringskostnader ved forvaltning av midlane (rammefordeling og oppfølging av eiga ramme). Vidare opnar departementet for at fylkeskommunane i avgrensa omfang kan delegere forvaltningsansvar til selskap som ikkje er offentleg heilåtte selskap. Dette vil bli omtalt i tilskotsbrevet til fylkeskommunane.

Ramma til fylkeskommunane blir fastsett etter både objektive kriterium og skjøen.

#### Objektive kriterium

Den objektive fordelinga skal medverke til både distriktpolitiske og regionalpolitiske mål. Samla gir fordelinga ein klar distriktsprofil:

- *Distriktpolitisk komponent:* Fordelinga av ramma mellom fylkeskommunane skjer i hovudsak på grunnlag av folketal innanfor dei enkelte sonene av det distriktpolitiske verkeområdet, med vektning av sonene etter distriktpolitisk prioritet.
- *Regionalpolitisk komponent:* For at alle fylkeskommunane skal ha eit grunnlag for å fylla rolla si som regional utviklingsaktør, blir alle tildelte eit fast beløp (botnplanke) utan avkorting. Sentralfylka (Oslo, Akershus, Vestfold og Østfold) får også ein garantisum, som saman med botnplanken gir fylka eit minstebeløp.

#### Skjøen:

Det blir tildelt midlar til kommunale næringsfond, omstilling og Interreg IV A basert på skjøen. Midlane til grenseregionalt programsamarbeid gjennom Interreg IV A for perioden 2007–2013 er fastlagde i samråd med fylkeskommunane. 2,15 mill. kr til Troms fylkeskommune for Noregs deltaking i delprogrammet Sápmi under Interreg IV A Nord er omdisponerte frå kap. 552, post 72.

Bidraget til Interreg IV A er synleggjort på dei deltakande fylka etter ei førebels sjablongmessig fordeling, jf. vedlegg 2. Midlar til dei ulike programma vil, av praktiske omsyn, bli overførte direkte til sekretariatsfylka.

Departementet har i samanheng med rapporteringa avdekka og påpekt feil bruk av midlar på kap. 551, postane 60 og 61. Departementet vil gjere greie for reaksjonar ved feilbruk av midlane i tilskotsbrev og retningslinene for postane.

#### Tiltak i 2011:

- *Kommunale næringsfond*

Departementet legg opp til ein auke frå 175 mill. kr til 225 mill. kr. Løyvinga skal gjere kommunane betre i stand til å leggje til rette for vekst, verdiskaping og sysselsetjing. Auken må sjåast i samanheng med arbeidet for å styrkje lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK) og arbeidet med førstelinje for utvikling av næringsliv i kommunane (FUNK). Departementet føreset at løyvinga til kommunale næringsfond blir teken i bruk *ved at alle midlane* blir tildelte kommunar eller regionråd.

- *Gjennomføringskostnader ved ordningar i regi av Innovasjon Norge*

Nærings- og handelsdepartementet gjer framlegg om å overføre 20,5 mill. kr frå sitt budsjett kap. 2421, post 70 til kap. 551, post 60. Midlane skal dekkje gjennomføringskostnader ved ordningar i regi av Innovasjon Norge som blir finansierte på kap. 551, post 60, på linje med finansieringa av gjennomføringskostnader ved program på kap. 552, post 72. Ein nærare omtale finst i Prop. 1 S (2010–2011) Nærings- og handelsdepartementet. KRD vil gå i dialog med fylkeskommunane og Innovasjon Norge om forvaltninga av midlane. Midlane blir i 2011 overførte direkte til Innovasjon Norge.

- *Omstilling*

Kommunal- og regionaldepartementet legg førebels opp til ei løyving på 61 mill. kr til omstillings- og nyskappingsarbeid i vanskelegstilte kommunar/regionar over kap. 551, post 60. Beløpet er i all hovudsak basert på innspel frå fylkeskommunane. Midlane vil gi fylkeskommunane høve til å støtte opp om kommunar/regionar der hjørnesteinsbedrifter er lagde ned, eller der næringar har hatt store reduksjonar i sysselsetjinga. Ei oversikt over fylka som får tildelt midlar til omstilling, finst i vedlegg 2. Fylkeskommunane står elles fritt til å prioritere tildelte midlar mellom kommunar og regionar i fylket.

- *NyVekst*

Departementet legg ikkje lenger opp til å synleggjere løyvinga til NyVekst særskilt i tildelinga til fylkeskommunane som tidlegare. Fylkeskommunane og dei regionale partnerskapa har likevel ansvar for tildelinga av midlar til ordninga. Nivået på tildelinga er avhengig av prioriteringane i fylkeskommunane. Departementet vil i samarbeid med

Innovasjon Norge og fylkeskommunane vurderer tilrådingane frå følgjeevalueringa av NyVekst, som blir avslutta i september 2010.

- *Inkubatorstipend og BIT*

Frå og med 2011 får fylkeskommunane i samråd med dei regionale partnerskapa ansvar for tildelinga av midlar til inkubatorstipend og BIT i regi av Innovasjon Norge. Ordningane vart tidlegare finansierte på kap. 552, post 72. Nivået på tildelinga er avhengig av prioriteringane i fylkeskommunane.

### **Kap. 551, post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift**

Regjeringa har foreslått ei løyving på 696,3 mill. kr på denne posten for 2011. Departementet vil kome tilbake til den fylkesvise fordelinga av rammene når desse ligg føre etter årsskiftet 2010/2011.

Frå 2011 legg departementet opp til at fylkeskommunane kan nytte inntil 5 pst. av midlane dei sjølv forvaltar på kap. 551, post 61, til delvis å dekkje gjennomføringskostnader ved forvaltning av midlane (rammefordeling og oppfølging av eiga ramme). Vidare opnar departementet for at fylkeskommunane i avgrensa omfang kan delegerer forvaltningsansvar til selskap som ikkje er offentleg heilåtte selskap. Dette vil bli omtalt i tilskotsbrevet til fylkeskommunane.

Bodø og Tromsø har som relativt store byområde i det distriktpolitiske verkeområdet betre føresetnader for vekst enn landsdelen elles. Av omsyn til dei utfordringane som landsdelen står overfor, har Kommunal- og regionaldepartementet som mål å sikre at midlane i større grad enn i dag blir brukte slik at det gir ringverknader i heile landsdelen. Bruken av midlane må også sjåast i samanheng med nordområdestrategien til regjeringa og med Kommunal- og regionaldepartementets arbeid for auka landbasert verdiskaping retta mot fysisk infrastruktur, kompetansebygging, næringsutvikling og aust-vestsamarbeid i Nord-Noreg.

Som i dei siste åra vil det i 2011 vere eit restbeløp på grunn av endringar i utrekningsgrunnlaget for differensiert arbeidsgivaravgift. Midlane skal prioriterast til vidare utbygging av breiband innanfor det distriktpolitiske verkeområdet. Etter avtale med departementet kan ein nytte midlane til andre infrastruktur- og næringstiltak innanfor verkeområdet, under dette mobildekning.

### **Kap. 552, post 62 Nasjonale tiltak for lokal samfunnsutvikling**

Posten er ny i 2011. Løyvinga er omdisponert frå kap. 552, post 72 til ei vidareføring av satsinga Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK), som starta i 2010.

Fylkeskommunane er ansvarlege for satsinga og gjennomføringa av tiltaka.

Planlegging, konkretisering og iverksetjing av tiltak skal skje i samarbeid med kommunane og andre samarbeidspartnarar. Innsatsen tek utgangspunkt i utfordringane i den einskilde regionen og skal byggje vidare på etablerte strategiar i regionar og kommunar. Satsinga skal også medverke til samordning av det lokale og regionale utviklingsarbeidet i fylkeskommunane. Løyvinga blir tildelt fylkeskommunane etter søknad. Det blir løyvd 30 mill. kr til satsinga i 2011. Løyvinga skal rettast mot iverksetjing av konkrete tiltak i kommunane i arbeidet med å utvikle attraktive lokalsamfunn. Retningslinjene for tilskotsordninga vil bli lagt ved tilskotsbrevet.

### **Kap. 552, post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling**

Kap. 551, post 71 Nordområdetiltak er avvikla. Løyvinga til nordområdetiltak er overført til kap. 552, post 72 frå 2011. Regjeringa foreslår ei løyving på 459,75 mill. kr over kap. 552, post 72 i 2011.

I oversiktene nedanfor viser vi førebels fordeling av ramma for 2011 på program og innsatsområde i Innovasjon Norge, SIVA, Noregs forskingsråd og Kommunal- og regionaldepartementet, samanlikna med 2010. Departementet har i teksten under i hovudsak kommentert satsingsområde der det skjer ei endring frå 2010 til 2011.

Endeleg fordeling mellom aktørar, program og innsatsområde vil bli nedfelt i oppdragsbrev for 2011. Verkemiddelaktørane kan gjere mindre justeringar mellom program og innsatsområde innanfor desse rammene. Vi ber om at eventuelle ønske frå SIVA, Innovasjon Norge eller Noregs forskingsråd om endringar i fordelinga av midlar på program og innsatsområde blir tekne opp i god tid før halvårsmøta i haust.

- SIVA – samla økonomisk ramme: 71 mill. kr

<b>Arbeidsmål</b>	<b>Program</b>	<b>2010</b>	<b>Førebels 2011</b>
1.1 Styrkje næringsmiljø	Næringshageprogrammet	20	25
	FoU – inkubatorprogrammet	16	16
	Regionalisering og nettverk m.m.	3	3
1.3 Entreprenørskap	Kultur- og næringsaktivitetar	2,5	0
	Matinkubator	2	2
	Kvinner og entreprenørskap	11	11
	Industri-inkubatorar m.m.	14	14

Endringane frå 2010 til 2011 er i hovudsak at løyvinga til næringshageprogrammet er auka frå 20 mill. kr i 2010 til 25 mill. kr i 2011, og at løyvinga til kultur- og næringsaktivitetar fell bort.

- Innovasjon Norge – samla økonomisk ramme: 167,8 mill. kr

Arbeidsmål	Program og satsingar	2010	Førebels 2011
1.1 Styrkje næringsmiljø	NCE-programmet, Arena-programmet og Bedriftsnettverk	63	68
1.2 Vidareutvikle etablerte føretak	Designprogrammet, Kompetanseprogrammet og BIT-programmet (2010)	9	6
1.3 Entreprenørskap	NyVekst (pott til samfinansiering), Ung gründer, inkludert mentorordning for unge, Ung gründer i Nord-Noreg, Høgvekst / Anna satsing på entreprenørskap, Førsteline for utvikling av næringsliv i kommunane og inkubatorstipend (2010)	47	35,5
Særskilte satsingar, tverrgående tema, tenesteutvikling, analysar, profilering	Kultur og opplevingar, Reiselivs- og destinasjonsutvikling, Regional omstilling, Kvinner i næringslivet og analysar, evalueringar og profilering	40	40
	Gjennomføringskostnader knytte til program	20,3	18,3

Departementet legg opp til ein diskusjon med Innovasjon Norge på halvårsmøtet 12. november 2010 om fordeling av midlane innan arbeidsmåla. Departementet vil på dette møtet foreslå å auke løyvinga til Bedriftsnettverk og Ung gründer (tidlegare Unge i Fokus). Departementet vil gå inn for å ikkje setje av midlar frå den nasjonale ramma til BIT og Inkubatorstipend. Det ligg til rette for at fylkeskommunane kan finansiere ordningane over kap. 551, postane 60 og 61 ut frå regionale behov.

Departementet viser også til NIFU STEP's "Evaluering av NyVekst" frå september 2010, der det blir tilrådd å redusere tilskotet til NyVekst.

- Noregs forskingsråd – samla økonomisk ramme: 75,2 mill. kr

Mål	Program	2010	Førebels 2011
1.1 Styrkje næringsmiljø	VRI (Verkemiddel for regional FoU og innovasjon)	39	39
	Regionale representantar	1,2	1,2
	Forskingsløft i nord	35	35

Løyvinga til Forskingsløft i nord er overført frå kap. 551, post 71 (nordområdetiltak).

Løyvinga til FORNY blir avslutta i 2010.

- Spesielle satsingar administrerte direkte av Kommunal- og regionaldepartementet

Tabellen nedanfor er ei oversikt over den førebels fordelinga av midlar på andre satsingar og program finansierte over programområde 13.50.

Program og innsatsområde	2010	Førebels 2011
Internasjonalt arbeid	40,51	38,36
Bulyst (inkl. kultur- og næringspilotar)	32	47
Utviklingsstøtte og investeringsstøtte til småbutikkar	15	15
MERKUR	11	9*
Verdiskapingsprogram for naturarven	10	10
Ungt Entreprenørskap	8	10
Ungt Entreprenørskap i Nord-Noreg	1	1
Forsøk med gratis ferje	3	3
Forsøk med førarkort	2	2

\*I tillegg får MERKUR 2 mill. kr frå kap. 552, post 21.

Departementet vil vidareføre satsinga på Bulyst. Midlane skal nyttast til å støtte opp om lokale og regionale utviklingsprosjekt som fremjar bulyst i heile landet.

Ordninga skal vidareutvikle kunnskap om kva som aukar sjansane for at busette og tilflyttarar trivst og blir buande. Det vart løyvd 32,7 mill. kr til Bulyst-satsinga i 2010. Det skal vere ei ny utlysing for 2011. Departementet vil kome attende med meir konkrete retningsliner for innretting og prioritering innan Bulyst-satsinga. Fylkeskommunane vil få ei sentral rolle i det vidare arbeidet.

### Kap. 554 post 01 Kompetansesenter for distriktsutvikling, Distriktssenteret


Distriktssenteret er eit forvaltningsorgan under Kommunal- og regionaldepartementet og skal støtte opp om lokal utviklingskraft og initiativ. Overordna mål for senteret er å



vere ein kunnskaps- og erfaringsbase og støttespelar for heilskapleg og berekraftig utviklingsarbeid i distriktsområda. Denne rolla skal fyllast gjennom samarbeid med kommunar, fylkeskommunar, andre regionale aktørar, nasjonale verkemiddelaktørar som Innovasjon Norge og SIVA, organisasjonar og lokale eldsjeler.

Distriktssenteret har ei særleg viktig oppgåve i å formidle erfaringar frå ulike prosjekt, og i den samanheng er kunnskapsdeling eit stikkord. Distriktssenteret si heimeside [www.distriktssenteret.no](http://www.distriktssenteret.no) er sentral i dette arbeidet. Distriktssenteret skal medverke til at vi får betre oversikt over kva slags satsingar som lukkast, og kva som kjenneteiknar desse, slik at andre kan lære av dei gode eksempla.

Med helsing

  
Liv Sighe Navarsete

Vedlegg:

- 1 Oversikt over fordeling av midlar over kap. 551, post 60
- 2 Oversikt over skjønstildeling til omstilling og grenseregionalt samarbeid

**Likelydande brev er sende til:**

Akershus fylkeskommune  
Aust-Agder fylkeskommune  
Buskerud fylkeskommune  
Distriktssenteret – Kompetansesenter for distriktsutvikling  
Finnmark fylkeskommune  
Hedmark fylkeskommune  
Hordaland fylkeskommune  
Innovasjon Norge hovedkontoret  
Møre og Romsdal fylke  
Nordland fylkeskommune  
Nord-Trøndelag fylkeskommune  
Noregs forskingsråd  
Oppland fylkeskommune  
Oslo kommune  
Rogaland fylkeskommune  
SIVA – Selskapet for industrivekst SF  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Sør-Trøndelag fylkeskommune  
Telemark fylkeskommune  
Troms fylkeskommune  
Vest-Agder fylkeskommune  
Vestfold fylkeskommune  
Østfold fylkeskommune